

## Annas hemmelege dagbok

Eg heiter Anna og er ni år. Det er alt eg er. Eg er ikkje flink og ikkje populær. Eg veit ingenting, kan ingenting. Når læraren spør meg om noko, blir eg nervøs og redd. Eg klarer ikkje svare.

Eg er dum i alt. Pappa ville eg skulle begynne med gymnastikk, men eg fekk berre vondt i hovudet av å stupe kråke. Ein gong prøvde eg å ri, men eg datt av hesten. Eg er heilt mislykka, den dårlegaste i alt.

Ein gong skreiv eg ei liste over alt eg er. Lista blei kort.

Eg er:

- 9 år
- jente

Etterpå skreiv eg ei liste over alt eg ikkje er.

Eg er ikkje:

- pen
- flink
- søt
- hyggjeleg
- populær
- flink til nokon ting

Det var ikkje noko hyggjeleg, så eg skreiv ei liste over alt eg har, i staden.

Eg har:

- eige rom
- ein vegg med ein plakat som førestiller ei sandstrand med palmer
- ein dum storebror
- ei slitsam veslesøster
- ein pappa
- ei liksom-mamma
- ei dagbok





Den ordentlege mora mi er død. Ho døydde då eg var fire år. Eg har eit bilete av mamma. Ho held på ein baby. Babyen er meg. Mamma ser snill ut. Eg trur ho var det. Men det er ikkje sikkert.

No er Annika mora min. Far trefte Annika eit år etter at mamma døydde. Dei fekk barn saman, veslesøstera mi, Jessica. Broren min heiter Pelle. Han går i 8. klasse og har fått hår på tissen. Han går aldri naken rundt i huset meir.

Når familien min begynner å krangle, går eg på rommet mitt og tek fram dagboka mi. Det er inga vanleg dagbok. Det er meir ei ønskjedagbok. Der skriv eg ikkje sånn det er, men sånn eg vil at det skal vere. Eg er superintelligent i dagboka mi, og alle gutane er forelska i meg og vil danse med meg på klassefestane. På framsida av dagboka har eg skrive ALHD. Det betyr Anna Larssons Hemmelege Dagbok. Ei verd der eg bestemmer. For ingen får lov til å lese dagboka mi. Aldri.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 5A side 92.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 4, 5 og 8.